



Åseral kommune

Gardsvegen 68  
4540 ÅSERAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ole Martin Aanonsen, 37 01 78 51

## Vedtak om utsleppsløyve for Bortelid tettbygde område - Åseral kommune

---

**Statsforvaltaren i Agder gir Åseral kommune utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå Bortelid tettbygde område på inntil 7 000 personekvivalentar (pe). Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40, forureiningsforskrifta §§ 14-4 og 14-6 og vassforskrifta.**

**Løyvet gjeld frå når det nye anlegget blir sett i drift, og reinsekrava skal vere tilfredstilte seinast innan 31.desember 2028. Løyvet med vilkår ligg vedlagt.**

**Det er sett krav om sekundærreinsing og fosforfjerning for alle utslepp større enn 50 personekvivalentar i det tettbygde området.**

**Statsforvaltaren set utsleppskrav i samsvar med føresegnene i forureiningsforskrifta og kva Åseral kommune har søkt om.**

**Kommunen skal gjennomføre overvaking av resipienten kvart tredje år.**

**Statsforvaltaren fattar vedtak om gebyrsats for vår saksbehandling. Åseral kommune skal betale kr 133 000,- for Statsforvaltarens arbeid med løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-3.**

**Vedtak om løyve og vedtak om gebyrsats kan påklagast av partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker.**

---

Vi viser til søknad om utsleppsløyve datert 3. juli 2024.



# 1 Vedtak

## 1.1 Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gir Åseral kommune løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Bortelid tettbygde område og Bortelid avløpsanlegg. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40, forureiningsforskrifta §§ 14-4 og 14-6 og vassforskrifta.

I vedlagte vilkårsdel er det sett rammer for tilførsalar til anlegget, reinsekrav og krav til utsleppskonsentrasjonar. I tillegg inneheld løyvet også mellom anna konkrete og detaljerte krav til internkontroll og planlegging, eksempelvis detaljerte krav til utarbeiding og oppdatering av miljørisikovurderingar og handlingsplanar for kommunens avløpssystem. Det er også sett funksjonskrav til leidningsnettet, det er sett konkrete krav til energistyring og til den årlege rapporteringa for avløpsanlegget.

Dei vedlagde vilkåra er i samsvar med forureiningslovas krav om å redusere forureining så langt som mogeleg og kva som er mogeleg å oppnå ved å nytte beste tilgjengelege teknikkar (BAT) for avløpssektoren.

## 1.2 Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyr i vårt brev datert 25. oktober 2024. Åseral kommune skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 133 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4, jf. § 39-3.

Grunnlaget for val av gebyrsats er ressursbruk hos Statsforvaltaren i Agder ved saksbehandling av søknaden.

Miljødirektoratet ettersendar faktura med innbetalingsblankett.

## 1.3 Fristar

Løyvet inneheld følgjande fristar:

Tiltak	Frist	Referanse
Driftsette og oppnå krav om sekundærreinsing og fosforfjerning ved nye Bortelid reinseanlegg.	31.12.2028	3.2
Utarbeide og seinare oppdatere miljørisikovurderingar for det samla avløpssystemet	Årleg, første gong 31.12.2028	2.6.1
Oversending av heilskapleg handlingsplan for kommunens avløpssystem i Bortelid tettbygde område, inkludert:	Første gong 31.12.2028 deretter	2.7



<ul style="list-style-type: none"><li>• Plan for trinnsvis tilknytning av fritidsbustader</li><li>• Plan for fornying av avløpsnett</li><li>• Plan for å redusere tilførsler av overvatn og anna framandvatn til det kommunale avløpssystemet.</li></ul>	årleg gjennomgang	3.1.1 3.1.3
Dokumentere årlege utsleppsmengder frå overløp	Årleg, første gong 1.3.2029	3.1.4, 11.1
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusera innlekking av framandvatn og utslepp frå overløp	Kontinuerleg	3.1.3, 3.1.4
Sanere overløp som er i strid med løyvet	31.12.2030	3.1.4, 3.2
Innføra systematisk kartlegging av utlekking frå leidningsnett	31.12.2028	3.1.5
Gjennomføre planlagde tiltak for å redusera utlekking	Kontinuerleg	3.1.5
Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad	Årleg, første gong 1.03.2029	3.1.5, 11.2
Påslepp Krav til vurdering av påslepp i miljørisikovurderinga	Kontinuerleg	3.2.5 2.6.1
Sende inn forslag til resipientovervaksingsprogram	Første gong 31.12 2028 deretter kvart 3. år	8.1 og 8.2
Leggje inn overvaksingsdata i Vannmiljø og rapportere overvaksingsresultat og vurderingar til Statsforvaltaren	Innan 1.3. kvart 3. år	8.4
Etablere system for vurdering av energiforbruk	31.12.2028	9.1
Rapportere avløpsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn	Årleg innan 1.3.	11.1
Rapportere driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema	Årleg innan 1.3.	8.3 og 11.2

Sjå også løyvedokumentet vedlagt.

## 2 Kort om bakgrunnen for saka

Åseral kommune har søkt om utsleppsløyve for Bortelid tettbygde område.

### 2.1 Bakgrunn

Det tettbygde området på Bortelid fekk i si tid utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Vest-Agder, datert 3. mai 1994. Løyvet hadde ei ramme på inntil 800 fritidsbustader. I 2001 fekk Åseral kommune ansvaret som forureiningsmyndigheit, og i 2007 blei forureiningsforskrifta endra på ny. Bortelid avløpsreinsanlegg blei omfatta av forskriftas kapittel 13, som ga ei rekke nye føresegner knytte til drifta og reinsinga ved anlegget. Med åra har talet på fritidsbustader på Bortelid auka kraftig.



Da Statsforvaltaren i Agder i 2022 hadde tilsyn med Åseral kommune som forureiningsmyndighet, peika vi i tilsynsrapporten<sup>1</sup> på at kommunen ikkje hadde på plass rutinar for å kontrollere reinseanlegg i kapittel 13. Den tilførte avløpsmengda var langt større enn kva det gjeldande løyvet opna for, og anlegget klarte heller ikkje å overhalde dei gjeldande reinsekrava. Samtidig gjorde storleiken på den tilførte avløpsmengda at anlegget var å rekne som eit kapittel 14-anlegg. Kommunen blei derfor bedt om å søke om nytt utsleppsløyve for Bortelid tettbygde område i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 14, kor Statsforvaltaren er forureiningsmyndighet.

Gjeldande arealplanar for Bortelid-området opnar for ytterlegare utbygging av fritidsbustader, og det eksisterande reinseanlegget har ikkje kapasitet til å møte denne planlagde utbygginga eller overhalde reinsekrava i forureiningsforskrifta kapittel 14. Åseral kommune er derfor i gang med planlegging av eit nytt eller ombygd avløpsreinseanlegg på Bortelid, som er planlagd å vere i drift seinast innan 2028.

## 2.2 Søknad om utsleppsløyve

I søknaden om utsleppsløyve har Åseral kommune søkt om handtering og utslepp av avløpsvatn tilsvarande maksimum 7 000 pe (BOF<sub>5</sub>) i uka med maksimal tilført mengde.

Lokaliseringa av reinseanlegget vil vere den same som tidlegare, og eigedomen er regulert til avløpsanlegg<sup>2</sup>. Utsleppet frå reinseanlegget vil førast til Juvatn, og den eksisterande utsleppsleidninga skal brukast vidare. Utsleppet ligg på om lag 15 meters djupne under lågaste regulerte vasstand (LVR), eller om lag 40 meters djupne, på koordinatane N6522362/Ø413722.

Åseral kommune søker om reinsekrav for det nye anlegget tilsvarande minimumskrava for utslepp i forureiningsforskrifta § 14-6, jf. § 14-2 b). Dette inneber krav om både sekundærreinsing (reinsing av organisk stoff) og fjerning av fosfor.

Med utgangspunkt i resipientens miljøtilstand, vurderer kommunen at utsleppet frå avløpsreinseanlegget ikkje vil medføre redusert økologisk tilstand i Juvatn. Kommunen viser til at tilstanden truleg vil bli betre enn i dag, sidan reinsegraden for dei aktuelle parametrane truleg vil auke med eit nytt reinseanlegg med både fosforfjerning og sekundærreinsing.

Kommunen har ikkje gjennomført spreingsutrekningar for lukt i samband med søknaden om løyve, og kommunen viser til at dei aldri har hatt klager på lukt frå naboar.

### Informasjon om Bortelid tettbygde område

Åseral kommune oppgir at avløpsanlegget består av Bortelid reinseanlegg, sju pumpekummar og om lag 51 km avløpsleidningar.

---

<sup>1</sup> Inspeksjonsrapport 2022.201.I.SFAG, 28.11.2022

<sup>2</sup> Reguleringsplan for Bortelid, plan-ID19970019 i Åseral kommune



I det tettbygde området er 1176 tilkopla einingar og 234 einingar som ikkje er kopla til. Der er 28 fast busette i området. Kommunen har rekna den teoretiske tilførte mengda til avløpsanlegget til 4126 pe (BOF<sub>5</sub>) i maksveke i 2024, jf. NS 9426<sup>3</sup>.

### 3 Rettsleg utgangspunkt

#### Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

#### Forureiningsforskrifta

Utslepp av kommunalt avløpsvatn er regulert i forureiningsforskrifta kapittel 11 til 14. Bortelid tettbygde område har utslepp av avløpsvatn større enn 2 000 pe til ferskvatn og er derfor omfatta av krava i forureiningsforskrifta kapittel 14, sjå forureiningsforskrifta § 14-1. Minimum reinsekraft for området følger av forureiningsforskrifta § 14-6.

Statsforvaltaren kan i tilfelle der resipienttilhøva tilseier det stille strengare reinsekraft til utsleppa enn krava som er fastsett i forureiningsforskrifta. Heimel for å stille vilkår i utsleppsløyve er forureiningslova § 16. Grunngeving for strengare krav enn forskriftskrava kan både vere brukarinteresser, lokale miljømål, eller at den aktuelle resipienten står i fare for ikkje å nå miljømåla i vassforskrifta.

#### Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova § 27-2 har krav om at før oppretting eller endring av eigendom til busetnad eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortleiing av avløpsvatn vere sikra og i samsvar med forureiningslova.

#### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver styresmakt. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

#### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

---

<sup>3</sup> Norsk standard 9426, Bestemmelse av personekvivalenter (pe) i forbindelse med utslippstillatelse for avløpsvann



Ifølge vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn «*beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand*». I samsvar med vassforskrifta sine føringar, kan Statsforvaltaren ikkje tillate utslepp som vil medføre redusert miljøtilstand i ein resipient. Sentralt i vår vurdering av utsleppssøknader er difor at utsleppa ikkje skal medføre at tilstanden i resipientane blir redusert. I tilfelle der resipienttilhøva tilseier det, kan vi stille strengare reinsekrav til utsleppa enn det som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-6.

### Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte slik at slike utslepp på sikt blir stansa, sjå vedlegg 1 i løyvet.

### FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål blei vedtatte hausten 2015 og inneheld 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Dei handlar om å oppnå berekraftig utvikling langs tre dimensjonar: økonomisk, sosialt og miljømessig.

Norge er forplikta til å arbeide for at verda når måla innan 2030. Regjeringas plan for å nå berekraftsmåla i Norge er lagt frem i Meld. St. 40 (2020-2021) «Mål med mening».

FNs berekraftsmål nummer 6 handlar om berekraftig vassforvaltning, og enkelte delmål har vekt på tema som har følgjer for avløpssektoren, jf. delmål 6.1–6.4.

### Avgrensing mot anna lovverk

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova.

## 4 Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til kunne gjere vedtak i saka, jf. forvaltningslova § 17.

Avløpssektoren tar hand om samfunnskritiske funksjonar, og god avløpshandtering er avgjerande for helse og miljø<sup>4</sup>. Det er også sett nasjonale mål for denne sektoren i tillegg til FNs berekraftsmål. Berekraftig vasshandtering og sirkulær økonomi er eit prioritert område ved Statsforvaltarens avgjerd om å sette vilkår i løyve for avløpsanlegg. Avløpsanlegga må oppgraderast for å sørgje for ein framtidretta og berekraftig avløpssektor.

---

<sup>4</sup> Mulighetsstudie for VA-sektoren med samfunnsøkonomiske analyser, KDD, KLD, HOD, 25. januar 2022.



Føremålet med løyvet er å verne miljøet mot uheldige påverknadar frå utslepp av kommunalt avløpsvatn og å oppnå god kjemisk og økologisk tilstand i dei vassførekomstane det gjeld, jf. vassforskriftas mål og føresegner.

Løyvet sett krav om tilfredsstillande oppsamling og reinsing av avløpsvatnet samt at kommunen iverksett tiltak for å hindre forureining frå overløp og lekkasjar på avløpsnett. Ein av utfordringane knytt til å oppnå berekraftsmåla innanfor avløpssektoren i Norge, er at mykje av leidningsnett er gammalt, og det er i tillegg lav fornyingstakt. For langsam fornying av avløpsnett fører til risiko for spreieing av ureina avløpsvatn til vassførekomstar og drikkevassnett og fare for spreieing av smittsame sjukdommar. Å tilpasse vass- og sanitærssystem til forventa klimaendringar, som auka nedbørmengder, flaum og stigning av havnivå, vil vere ein utfordring i mange kommunar. Vi har i løyvet derfor lagt stor vekt på vedlikehald av leidningsnett, jf. berekraftsmål 6.1–6.4. Miljørisikovurdering, inkludert klimatilpassing, er også sentralt i løyvet.

Vi har lagt vekt på kva som kan oppnåast ved bruk av de beste tilgjengelege teknikkane. I tillegg til retningslinjene i forureiningslova, er også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og føringane i vassforskrifta lagde til grunn for vår vurdering.

Statsforvaltaren har utarbeidd vilkåra i løyvet på bakgrunn av ei samla vurdering av føresegnene i forureiningsforskriftas del 4 om avløp, og særleg kapittel 14.

Avløpsvatn frå kommunale avløpsreinseanlegg vil påverke resipienten ved å tilføre nærings salt, organisk stoff, bakteriar og virus. Det er derfor viktig at avløpsanlegga drivast på ein god måte, og at teknikken følger beste praksis. Reinsegraden ved sekundærreinsing er betre for både mikroplast og medisinske rester enn det som oppnåast ved eit kjemisk reinseanlegg, og god reinsing vil generelt bidra til å oppnå miljømåla i vassforskrifta.

Avløpsdirektivet er under revidering i EU, og forslag til nytt regelverk ble presentert i 2022. Endeleg direktiv er framleis ikkje vedteke, men det er venta å kome i løpet av 2025.

Handtering av slam frå avløpsreinseanlegga må vere i tråd med avfallsregelverket og gjødselverforskrifta. Det er ønskeleg å nytte slammet til landbruksføremål dersom kvaliteten er tilfredsstillande. Dette bidrar til å oppnå de nasjonale måla som er sett i strategiplan for sirkulær økonomi<sup>5</sup>.

## 4.1 Løyvets ramme

### 4.1.1 Tilført mengde organisk materiale til reinseanlegget

Åseral kommune viser i søknaden til at den tilførte mengda organisk stoff til avløpsanlegget basert på analyserte data og informasjon i matrikkelen 2024 er estimert til 2 834 pe (BOF<sub>5</sub>). Av dette er 2 806 pe frå fritidsbustadar og campingplass, og 28 pe er frå fast busette.

---

<sup>5</sup> Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi, T-1573 N, 16. juni 2021



#### 4.1.2 Samla utsleppsstorleik frå det tettbygde området

Etter NS 9426 har kommunen rekna ut den samla avløpsmengde i det tettbygde området i maksveke (påskeveka) i 2024 til å vere 4126 pe (BOF<sub>5</sub>). Ved framskriving av framtidige tilkoplingar og nye fritidsbustadar, er den tilførte mengda rekna ut til å vere 6 914 pe (BOF<sub>5</sub>) i 2060. Kommunen har søkt om ei ramme på 7 000 pe, og vi har sett dette som løyvets ramme for tilført avløpsmengde måla som BOF<sub>5</sub>.

Vi har i løyvet presisert at dersom størrelsen på det faktiske utsleppet overskrider ramma, så vil dette vere i strid med løyvet. Kommunen skal til kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på det tettbygde området geografiske utstrekking (areal) og utsleppets størrelse i pe (BOF<sub>5</sub>). Dersom vurderinga og berekningane viser at anlegget sin kapasitet ikkje er stor nok, skal kommunen presentere ein konkret plan for å auke kapasiteten og sikre framtidig finansiering, jf. pkt. 1.1 i løyvet.

#### 4.2 Tekniske forhold

Statsforvaltaren presiserer at det med avløpsanlegg meinast både reinseanlegg og avløpsnett jf. forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav f).

Reinseanlegget skal dimensjonerast slik at det skal klare å reinse all belastning i maksveke og overhald løyvets grenseverdier.

Vi har lagt til grunn at det nye reinseanlegget er sett i drift og oppnår reinsekrava 31. desember 2028.

Avløpsleidningsnettet skal til kvar ei tid ha godt nok vedlikehald og tilstrekkeleg kapasitet til å forhindre overløpsutslepp forårsaka av for små leidningar eller underdimensjonerte pumpestasjonar, og på den måten sikre at reinseanlegget fungerer etter hensikta, jf. avsnitt om leidningsnett i punkt 4.6.2 nedanfor.

#### 4.3 Påverknad frå utslepp til vatn

Utslepp av kommunalt avløpsvatn inneber utslepp av næringsstoff, organisk stoff, bakteriar, virus og miljøgifter frå busetnad, fritidsbustader, camping og næringsverksemd som har påslepp til det kommunale nettet. Dersom tilførslane av næringsstoff til ein resipient blir for store, kan dette føre til overgjødsling av resipienten. Dette kan igjen gje negative verknader i form av auka algevekst, oksygenvinn i djupare vasslag i innsjøar og tilslamming av botnsubstrat. Utslepp frå avløpsanlegg kan også medføre dårlegare hygieniske tilhøve ved badeplassar dersom utsleppet ikkje blir reinsa og fortynna før det når dei øvre vassmassane.

Nye Bortelid avløpsreinseanlegg er planlagt med utslepp til Juvatn<sup>6</sup> i innsjøens nordvestre del på om lag 15 meters djupne under LVR. Det planlagde nye/utvida reinseanlegget vil ha betre reinsekapasitet og ein forventa betre reinseffekt enn det gamle anlegget. Som utsleppssøknaden

---

<sup>6</sup> Vassforekomst-ID 022-1170-L i nettportalen Vann-nett





peiker på, vil dette truleg gjere at konsentrasjonane av forureinande stoff i utsleppet frå Bortelid tettbygde område i første omgang blir lågare enn ved dagens situasjon.

Kommunen viser i søknaden til at Åseral kommune har vedteke at alle nye fritidsbustadsutbyggingar skal koplast til reinseanlegget, og ein forventar på sikt at nær sagt alle einingar som ikkje er kopa til anlegget i dag vil koplast til innan år 2060. Kommunen ventar at det i år 2060 vil vere om lag 1020 fleire fritidsbustader i det tettbygde området enn i dag.

Utrekningar viser at den samla tilførte mengda fosfor og organisk stoff frå avløpsreinseanlegget til vassdraget truleg vil auke med om lag 47 % (TOT P), 52 % (KOF) og 63 % (BOF) i 2060 ved 80 % reinseeffekt for BOF og KOF og 90 % reinseeffekt for TOT P. Sjå meir om dette i avsnitt **Feil! Fant ikke referanseilden..**

#### 4.3.1 Verknader nær utsleppspunktet

I nærleiken av utsleppspunktet vil konsentrasjonane av næringsstoff og organisk stoff i utsleppsskya vere vesentleg høgare enn grenseverdiane for god tilstand i vassforskrifta. For å vurdere påverknader av utsleppa i nærsonen til utsleppspunktet er det gjort spreingsutrekningar for utsleppa.

##### *Verknader i overflata*

Spreingsutrekningane som er utførte for utsleppet, viser at det ved utsleppspunktet ikkje vil vere fare for gjennomslag til overflata ved nokon av scenarioa som er simulerte. Utsleppsskya vil det meste av året bli innlagra djupare enn 30 meters djupne forutan eitt tilfelle ved haust/vår med temperatur på 7 °C. Modelleringa viser at utsleppsskya ved maksveke i år 2060 vil vere under eufotisk sone. Utsleppet vil dermed truleg ikkje ha nokon verknad på primærproduksjonen i Juvatn. Av same grunn er det heller ikkje venta at utsleppet vil kunne påverke brukarinteressene i eller ved innsjøen.

Vurderinga er gjort med bakgrunn i ei simulering, og kommunen skal gjennom resipientovervakingsprogrammet verifisere påverkingsgraden frå utsleppet, sjå også punkt 4.3.2.

##### *Verknader på djupet*

Resipientovervakinga viser at det ikkje er teikn til eutrofiering eller organisk belastning i resipienten. Det er heller ikkje forventa at utsleppet vil medføre endra tilstandsklasse for nærings salt eller oksygen med bakgrunn i påverking frå det auka utsleppet i år 2060, at utsleppa vil medføre nedslamming i særleg grad eller påverke oksygentilhøva ved botnen av innsjøen.

#### 4.3.2 Vurdering etter vassforskrifta

##### **Juvatn**

Kommunen gjennomførte resipientkartlegging i Juvatn i 2023. Konklusjonen frå kartlegginga viser at vasskvaliteten i Juvatn med omsyn til fosfor og nitrogen er svært god, og fleirtalet av målingane av



planteplankton viser også svært god kvalitet, men PTI-indeksen viste tilstandsklasse moderat i juli og god i august.

Juvatn er naturleg kalkfattig og er over lang tid påverka av langtransportert forsuring frå sur nedbør. Det er uklart kva som gjer størst utslag på artssamansetninga i vatnet. Som følgje av at vatnet er oppdemt, kan den samla belastninga frå reinseanlegg, oppdemming av vassdraget, sur nedbør og naturlege førehald over tid gi ei negative effektar.

Kartlegginga konkluderer med at det ikkje er teikn til eutrofiering i Juvatn eller anna påverking som kan knytast til avløpsreinseanlegget, og dei utarbeida rapportane konkluderer med at auka utslepp til resipienten heller ikkje vil medføre redusert vasskvalitet.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren vurderer at med reinsekrava og dei andre vilkåra som blir stilt i løyvet, vil utsleppet frå Bortelid tettbygde område via Bortelid avløpseanlegg til Juvatn ikkje vere til hinder for at miljømåla for vassførekomsten blir nådd. Med vilkår om resipientovervaking vil ein sørge for at eventuell framtidig negativ påverknad på vassmiljøet blir fanga opp, og at naudsynte avbøtande tiltak kan settast i verk i tide.

Etter ei samla vurdering meiner derfor Statsforvaltaren at utsleppet frå Bortelid tettbygde område er akseptabelt med omsyn til føremålet og retningslinjene i forureiningslova §§ 1 og 2 om å verne det ytre miljøet mot forureining, redusere eksisterande forureining, hindre at forureining aukar og sikre forsvarleg miljøkvalitet.

#### **4.3.3 Vurdering etter naturmangfaldlova**

Utslepp av kommunalt avløpsvatn kan påverke naturmangfaldet i ein resipient dersom utsleppa medfører overgjødsling og nedslamming i område der økosystema er sårbare for slik påverknad.

Juvatn ligg øvst i nedbørsfeltet til Mandalselva, som er eit nasjonalt laksevasdrag, men den anadrome strekninga går ikkje opp til Åseral kommune. Det er ikkje sannsynleg at utsleppa frå Bortelid tettbygde område vil kunne påverke vasskvaliteten i den anadrome strekninga.

Det er lite registreringar av artsmangfald i og rundt Juvatn, og resultatata frå dei biologiske undersøkingane i resipientkartlegginga<sup>7</sup> er heller ikkje lagde inn i databasen [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no). Ved ein gjennomgang av funna i rapporten, har ikkje Statsforvaltaren funne raudlista artar.

I databasen [www.artstkart.no](http://www.artstkart.no) er det registrert funn av svartand (*Melanitta nigra*) (VU), gråmåke (*Larus argentatus*) (VU), fiskemåke (*Larus canus*) (VU) og tårnseiler (*Apus apus*) (NT), men vi finn det ikkje

---

<sup>7</sup> Analysrapport 2024-01-15: Undersökning, botnfauna: Bortelid renseanlegg 2023, Pelagia Nature & Environment AB



sannsynleg at utsleppet av reinsa avløpsvatn vil påverke desse artane. Det er heller ikkje registrert relevante funn av artar eller naturtypar av nasjonal, regional eller lokal interesse i området.

### **Konklusjon**

Vurderingane av utsleppa i høve til miljømåla i vassforskrifta (avsnitt **Feil! Fant ikke referanse kilden.**) konkluderer med at med dei vilkåra som er stilt til reinsing og plassering av utsleppspunkt, vil det vere liten risiko for at dei eit auka utslepp vil føre til ei påverknad på vassførekomsten av ein slik grad at det vil endre den økologiske tilstanden i Juvatn. Resultata av spreingsutrekningane for utsleppet tyder også på at utsleppa ikkje vil kome i kontakt med vassmassane i overflata. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det difor også lite truleg at utsleppa vil påverke strandsona i Juvatn.

På bakgrunn av opplysningane og vurderingane over, vurderer Statsforvaltaren at risikoen er liten for at avløpsutsleppet vil kunne gi ei påverknad på vassførekomsten i ein slik grad at det går ut over naturmangfaldet i og ved vassdraget. Vi har derfor ikkje grunn til å tru at utsleppa frå Bortelid tettbygde område vil føre til vesentleg skade på naturmangfald i Juvatn eller nedstraums og vurderer derfor faren for spreiding av forureining og påverknad av naturmangfald som akseptabel.

Føre-var prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova. Vilkår om miljøundersøkingar i resipienten vil sørge for at eventuell negativ påverknad på økosystemet og risiko for naturmangfaldet blir fanga opp. Vi finn at kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å treffe vedtak i saka på et fagleg godt nok grunnlag.

Krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i naturmangfaldlova § 12 er ivaretatt gjennom vilkår 3.1.1 i løyvet.

#### **4.4 Påverknad frå utslepp til luft**

Behandling av avløpsvatn og avløpsslam kan medføre utslepp av lukt til omgjevnadane. Næraste nabo til det planlagde nye/utvida reinseanlegget er ein lagerhall (GNR./BNR 13/45) og ein fritidsbustad (GNR./BNR. 13/51) om lag 100 meter nord for anlegget. Hyttene i Bortelid hytteområde ligg om lag 100 meter høgare enn reinseanlegget, og det er ikkje venta at lukt frå anlegget vil vere sjenerande for hyttefeltet. Kommunen har som anleggseigar aldri fått klager på lukt frå anlegget. Det har heller ikkje kome inn merknader i samband med høyringa av søknaden om utsleppsløyve.

Det er ikkje laga en luktspreiingsanalyse for anlegget, Vi vurderer risikoen for luktulempar frå anlegget som små på bakgrunn av anleggets plassering, og vi derfor heller ikkje grunn til å krevje ei slik undersøking. Kommunen skal like vel ha eit system som sikrar at eventuelle klagar på lukt registrerast og følgast opp.

#### **4.5 Samla vurdering av påverknad frå utslepp**

Statsforvaltaren har konkludert med at utsleppa frå Bortelid tettbygde område og deira påverknad på omgjevnadane vil vere akseptable sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1



og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene samanstilt med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gir vi løyve til utsleppa på nærare fastsette vilkår.

For å følge med på at utsleppa ikkje medfører negativ påverknad på resipienten Juvatn, er det i utsleppsløyvet stilt krav om jamleg resipientovervaking. Dersom overvakinga visar at tilstanden i Juvatn på sikt vert dårlegare, kan det bli aktuelt å stramme inn på reinsekrava i løyvet, jamfør føresegnene i forureiningslova § 18.

## 4.6 Grunngevnad for utvalde vilkår og krav

### 4.6.1 Utslepp til vatn (punkt 3.2 i løyvet)

#### Reinsekrav for fosfor

Krav til reising av fosfor er i løyvet sett likt som minimumskrava i forureiningsforskrifta. Miljøtilstanden med omsyn til fosfor er i Juvatn i dag klassifisert til «svært god tilstand». Utrekningane som er presenterte i utsleppssøknaden, viser at ved ein reinseeffekt for fosfor på 90 %, vil utsleppa ikkje medføre endra miljøtilstand i resipienten med omsyn til fosforkonsentrasjonar. Vi har derfor konkludert med at eit reinsekrav på 90 % vil vere tilstrekkeleg for Bortelid avløpsreinseanlegg for å ivareta omsynet til resipienten.

#### Reinsekrav for organisk stoff

Utrekningane i søknaden viser at Juvatn skal ha god kapasitet til å ta imot utsleppa frå avløpsreinseanlegget med omsyn til organisk belastning. Der er ikkje teikn til tilslamming eller anna påverknad i vatnet som følgje av utsleppet, og oksygenmålingar viser ikkje teikn til oksygensvikt ved botnen, sjølv om store områder framleis er tidlegare skogbotn, som ennå ikkje er nedbroten.

Vi har vurdert å sette strengare krav til reising av organisk stoff enn minimumskrava i forskrifta. Bakgrunnen for dette er kva type avløpsvatn som kjem ifrå det tettbygde området, og kva reinseeffekt en forventar frå eit nytt reinseanlegg med sekundærreising, men på bakgrunn av lav risiko for påverknad på resipienten, finn vi det ikkje naudsynt eller tenleg etter ei kost/nyttevurdering, jf. kommunens innspel til utkast til utsleppsløyve.

Forureiningsforskrifta § 14-2 b. om sekundærreising har et krav som er eit enten-eller krav med

- 70 % reinseeffekt ( $BOF_5$ ) eller ei utsleppskonsentrasjon som ikkje overstig 25 mg  $O_2/l$  ved utslepp.
- 75 % reinseeffekt ( $KOF_{Cr}$ ) eller ei utsleppskonsentrasjon som ikkje overstig 125 mg  $O_2/l$  ved utslepp.

Forskriftas reinsekrav er utarbeida med tanke på at anlegg også kan ha store tilførselar av industrielt avløpsvatn med mykje organisk stoff i høge konsentrasjonar. Avløpsvatnet frå Bortelid tettbygde område er einsarta med avløpsvatn frå fritidsbustadar, og det er ikkje påsepp ifrå industriverksemdar. Erfaringar frå reinseanlegg med tilsvarande type avløpsvatn, som til dømes Handeland avløpsanlegg i Sirdal kommune og Hartevatn avløpsanlegg i Bykle kommune, er at dei ved normale førehald reinsar så godt at dei er langt unna 25 mg  $O_2/l$  i dei enkelte prøvane under normale førehald. Samstundes er reinseeffekten for  $BOF_5$  og  $KOF_{Cr}$  som oftast over 90 %.



Vi meiner at kravet om reinseeffekt på alt avløpsvatn kan gi ein god sikkerheit for at utsleppet av organisk materiale holdast lågt. Ved å ikkje opne for at låg konsentrasjon i utløpsvatnet aleine er tilstrekkeleg som dokumentasjon på eit velfungerande reinseanlegg, vil ein sikre at de må halde kontroll på innløpskonsentrasjonane, som igjen gir eit insentiv til å halde leidningsnettet i så god stand som mogeleg for å unngå innlekkasje av framandvatn.

Åseral kommune gav i brev datert 18. november 2024 sin merknad til utkast til utsleppsløyve, kor dei viste til at innløpsverdiane av  $\text{BOF}_5$  tidvis var så låge som 15 mg/l, og at det vil bli kostnadskrevjande å bygge eit reinseanlegg som klarer å oppnå ei reinseeffekt på 70 % for avløpsvatn med så låg konsentrasjon organisk stoff. Drift av eit større anlegg vil også krevje meir energi. Kommunen meiner at det er gitt strenge nok føresegner om vedlikehald av leidningsnettet som vil sikre lav grad av innlekkasje. Statsforvaltaren har tatt kommunens merknad til følge, og reinsekrava for  $\text{BOF}_5$  og  $\text{KOF}_{\text{Cr}}$  vil vere likelydande som i forskrifta.

Vi fastsett krav til maksimalt tillatne verdiar for  $\text{BOF}_5$  og  $\text{KOF}_{\text{Cr}}$  i utløpsvatnet på 50 mg  $\text{O}_2$ /l og 250 mg  $\text{O}_2$ /l, jf. forureiningsforskrifta §§ 14-2 og 14-13 første ledd. Sekundærreinsekravet kan ikkje vurderast som overheldt dersom ein enkelt prøve overstig desse verdiane.

Med bakgrunn i at utsleppet til Juvatn ikkje er venta å endre tilstandsklasse for næringssalt, oksygen eller klorofyll, er det ikkje naudsynt med ei vurdering etter vassforskrifta § 12. Vi sett krav om overvaking i resipienten for å verifisere dette.

### **Reinsekrav for nitrogen**

På bakgrunn av anleggets størrelse og klassifiseringa av miljøtilstanden i Juvatn, er det ikkje sett krav om nitrogenreinsing. Det er heller ikkje krav om måling av nitrogen i avløpsvatnet for avløpsanlegg mindre enn 10 000 pe i følsamt område.

### **Krav om øvre tillate mengder årlege utslepp**

Vi har foreløpig ikkje sett krav til maksimalt tillatne mengder utslepp oppgitt i kg eller tonn per år, men kommunen skal i den årlege rapporteringa gjere greie for årleg utslippsmengde for organisk stoff og fosfor. I resipientundersøkinga er det i tillegg viktig at kommunen vurderer resipientens restkapasitet.

### **Krav til eksisterande avløpsreinseanlegg på Bortelid**

For eksisterande avløpsreinseanlegg på Bortelid, gjeld krav i eksisterande utsleppsløyve og vilkåra i forureiningsforskrifta kapittel 13 inntil det nye anlegget blir sett i drift, jf. forureiningsforskrifta § 13-18 andre ledd. Eit nytt/utvida Bortelid reinseanlegg skal vere i drift og reinse i samsvar med krava i løyvet seinast innan 31. desember 2028. Vi viser til vårt brev til kommunane datert 15. mai 2024<sup>8</sup> for utgreiing om konsekvensar ved mangelfull oppnåing av reinsekrav, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

---

<sup>8</sup> Statsforvalterens forventninger til vurdering av avløp som tema i kommunenes arealplaner,



#### 4.6.2 Leidningsnett, punkt 3.1 i løyvet

I løyvet har vi sett krav til avløpsnettets funksjon, vedlikehald og fornying. Kommunen skal prioritere tiltak for overvasshandtering for å sørge for at spillvassnettet ikkje vil bli overbelasta av framandvatn.

Avløpsnettet på Bortelid er bygd som separatsystem og er av førehaldsvis ny dato, men 64 % av leidningsnettet manglar dokumentasjon på anleggsår. Kommunen antar at desse leidningane er av PVC. Klimaendringar vil føre til større nedbørsmengder, som igjen vil kunne gi auka framandvatnandel til reinseanlegget. Det har vert mangelfull måling av vassmengder ved anlegget, og mengda innlekkasje er ukjent. Kommunen skal kontinuerleg arbeide systematisk med å kartlegge og utbetre punkt på leidningsnettet kor framandvatn kan komme inn på anlegget. Det er fastsett vilkår i løyvet om at kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for å redusere tilførselen av overvann og anna framandvatn til det kommunale avløpssystemet.

Leidningsnettet har sju pumpestasjonar. Registrering og berekning av driftstid for utslepp frå overløp er eit minimumskrav i forureiningsforskrifta, jf. § 14-5. Dette inneber også at kommunen skal ha kjennskap til sine utslepp og kva påverknader dei kan ha på vassførekomstar, naturtypar og sårbare artar, jf. løyvets pkt. 2.8. Kommunen skal også rapportere data for både driftsoverløp og naudoverløp. Kommunen skal i den årlege rapporteringa legge inn i informasjon om namn/sted og koordinatar, mengde og/eller samla driftstid med overløp samt kva for ein resipient som mottar vatn frå overløpa.

Kommunen skal også arbeide aktivt og systematisk for å registrere leidningar og oppdatere leidningskartverket. Dette vil gjere overvakinga av leidningsnettet lettare og meir presis.

Vi har også presisert at miljørisikovurderinga skal innehalde ein vurdering av klimatilpassing av avløpsanlegget. Miljørisikovurderinga heng saman med tiltaksplanen, slik at kommunen først må gjere ein kartlegging og analysere konsekvensar.

Løyvet legg stor vekt på risikovurdering, talfesting av funksjonsmål og planlegging av tiltak for å redusere framandvassmengda. Utarbeiding av ein forpliktande tilstands- og tiltaksplan med funksjonsmål for avløpsnettet er ein viktig del i dette arbeidet.

Sjølv om det i dag ikkje er store verksemder med påslepp til det kommunale nettet, har vi sett krav om at kommunen skal ha oversikt over alle eventuelle framtidige påslepp, og at desse skal vurderast med omsyn til miljørisiko.

I søknaden angir kommunen at tilknytingsgraden i dag er 83 %, men at dei forventar at nær innpå alle fritidsbustadene som i dag ikkje er koplå til anlegget, vil bli det på sikt. Vi har derfor gitt eit vilkår om at kommunen på sikt skal arbeide mot å oppnå 98 % tilknytingsgrad til kommunalt nett innanfor Bortelid tettbygde område.



#### **4.6.3 Lukt og støy, jf. punkt 4 og 5 i løyvet**

Statsforvaltaren har sett vilkår for lukt og støy. Desse krava er standardkrav som også gis til industribedrifter. Krava sikrar at avløpsanlegget blir drive på ein måte som gjer at naboar ikkje blir utsett for meir lukt og støy enn kva som er rekna for å vere akseptabelt for denne type verksemd.

Kommunen skal ha oversikt over dei delane av drifta som kan gi lukt og vurdere om det er naudsynt med tiltak for å redusere luktutslepp og dokumentere desse. Kommunen skal som en del av internkontrollen registrere og handtere eventuelle klager. Ved klage på lukt og støy, kan Statsforvaltaren pålegge kommunen å gjennomføre målingar og om nødvendig sette i verk tiltak.

Utslepp av støy kan også gi ulemper for nærmiljøet. I løyvets punkt 5 i har vi sett vilkår til støy i tråd med dagens praksis for avløpsløyve, basert på *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021).

#### **4.6.4 Avfall og avløpsslam, punkt 6 i løyvet**

Plikta til å sørge for at all handtering av avfall skjer i samsvar med forureiningslova og avfallsforskrifta er konkretisert i løyvets punkt 6.

Kommunen har ikkje søkt om behandling av slam ved Bortelid avløpsanlegg. Avvatning av slam reknast ikkje som behandling, men mellom anna hygenisering og stabilisering av slam reknast som behandling.

Kommunen skal ha kjennskap til kva mengder råslam som oppstår i reinseanlegget, slamkvalitet og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporteringa for reinseanlegget, sjå løyvets pkt. 11.1.

Avløpsslam som ikkje behandlast på staden, forbehandlast, slik at det blir egna for transport til behandlingsanlegg. Avløpsslam som ikkje overheld krava i gjødselvereforskrifta, og dermed ikkje er egna for bruk, skal leverast til godkjent mottaksanlegg for avfall og ikkje blandast saman med anna avløpsslam.

#### **4.6.6 Resipientovervaking, punkt 8 i løyvet**

I vassforskrifta er det krav om at tilstanden i vassførekomstar skal overvakast for å sjå korleis utslepp frå verksemdar påverkar tilstanden og dokumentere om utsleppa gir redusert vasskvalitet, eller at miljømål ikkje nås, jf. vassforskrifta §§ 4 og 18.

Løyvets vilkår i pkt. 8 presiserer derfor at kommunen skal utføre regelmessig overvaking av vasskvalitet i det aktuelle vassdraget. Overvakinga skal gjennomførast i samsvar med føresegnene i vassforskrifta om tiltaksorientert overvaking, jf. § 18 og vedlegg V punkt 1.3 i vassforskrifta. Overvakingprogrammet skal følge dei anbefalingane som er gjevne i gjeldande rettleiing for overvaking og klassifisering.



Overvåkingsprogrammet skal utarbeidast av uavhengig firma med særleg fagkompetanse på området i samråd med teknisk etat og de lokale helse- og miljømyndigheiter. Overvakinga skal vidare gjennomførast i hovudsak med eit intervall på tre år.

Dersom tilsvarende overvaking også utførast av andre, plikter kommunen å bidra til å gjennomføre ei samordna eller felles overvaking. Krav om samordning følger også av internkontrollforskrifta § 6. Miljøovervaking og utsleppskontroll vil gi informasjon om avløpsanleggets påverknad på ytre miljø, og på bakgrunn av dette vil vi kunne vurdere å pålegge tiltak.

Vi har sett krav i løyvets punkt 8.3 om at overvåkingsdata skal registrerast i databasen «Vannmiljø».

#### **4.6.7 Prøvetakingsfrekvens**

Forureiningsforskriftas minstekrav til antal prøver for eit avløpsanlegg med storleik mellom 1 000 og 10 000 pe er 12 prøver i året. Bortelid tettbygde område er eit reint hytteområde med stor variasjon gjennom året med tanke på kor mykje avløpsvatn som leiast til reinseanlegget. Det er også grunn til å tru at avløpsnettet kan ha stor variasjon i vassmengda på leidningsnettet som følgje av snøsmelting og anna innlekkasje.

Statsforvaltaren har vurdert om det er naudsynt med krav om ein auka frekvens for prøvetaking i løyvet for å fange opp sesongmessige variasjonar i tilførte avløpsmengder og vassmengder på leidningsnettet. Vi vurderte derfor å sette krav om 18 årlege prøver av tot-P, BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>Cr</sub>.

Åseral kommune peiker i sin merknad datert 18. november 2024 at dei ikkje kan sjå nokon nytte av ein auka prøvetakingsfrekvens, da dei allereie har god kjennskap til kva veker som har høg belastning. Ein auka frekvens vil også gi ei auke på 50 % samanlikna med dagens frekvens, utan at ein vil få betre kjennskap til periodar med avvikande tilførte mengder.

Statsforvaltaren legg til grunn at forskriftas krav om 12 prøver per år er standar og eit minstekrav. Vi finn ikkje forureiningsfaglege grunnar som er tungtvegande nok til å skjerpe dette kravet. Vi kan heller ikkje sjå at ein auka prøvetakingsfrekvens vil gi betre vern av resipienten som kan forsvare ut frå ei kost/nytte-vurdering.

## **5 Faktagrunnlag**

### **5.1 Om avløpssituasjon i Bortelid tettbygde område og eksisterande reinseanlegg**

Avløpsvatn frå Bortelid tettbygde område blir i dag reinsa i eit anlegg med dimensjonerande kapasitet på 1 900 pe (BOF<sub>5</sub>), og anlegget er eigd og drifta av Åseral kommune. Tilført mengde til anlegget gjer at anlegget reknast som eit kapittel 14-anlegg, jf. forureiningsforskrifta § 14-1. Dagens anlegg har berre kjemisk reinsing og tilfredsstillar ikkje krava om sekundærreinsing.

Kommunen arbeider med planar om eit nytt reinseanlegg eller utbetring av dagens anlegg, men ei endeleg avgjerd om val av reinseteknikk er ikkje tatt per 18. november 2024. Eit nytt/utvida anlegg skal ligge på same stad som dagens anlegg.





Eksisterande Bortelid reinseanlegg hadde ifølge kommunen si eigenkontrollrapportering for 2023 1 171 fritidseiningar og 5 innbyggjarar tilknytt per 31. desember 2023. I søknaden viser kommunen til ei maksbelastning på 2 834 pe i påskeveka.

I søknaden legg kommunen opp til ein reinseeffekt tilsvarande krava i forureiningsforskrifta § 14-6, og Statsforvaltaren har vald å følgje kommunens forslag til kravsetting. Kommunen søker om ei ramme på 7 000 pe (BOF<sub>5</sub>). Den oppgitte dimensjonerande hydrauliske belastninga er  $Q_{dim, 2060}$  20,16 m<sup>3</sup>/t, og  $Q_{maksdim, 2060}$  er 41,32 m<sup>3</sup>/t.

Når alle dei regulerte fritidsbustadane i området er bygde ut, vil det samla utsleppet ifrå reinseanlegget over året auke, men konsentrasjonane av organisk stoff partiklar og nærings salt i resipienten i maksveka vil reduserast som følgje av betre reinsing i det nye reinseanlegget.

Forventa årlege utsleppsmengder frå Bortelid tettbygde område er presenterte i tabellen under. Tala tar utgangspunkt i kommunens utsleppssøknad.

**Tabell 1:** Estimerte årlege utslepp frå reinseanlegg på Bortelid. Tala er oppgjevne i kg/d.

År	PE	BOF		KOF		TOT-P		TOT-N		SS	
		Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut
Maksveka i 2024	2834	170,0	34,0	287,5	57,5	5,9	0,6	53,6	42,9	80,7	12,1
Maksveka i 2060	6914	414,8	83,0	701,5	140,3	14,3	1,4	130,9	104,7	198,8	29,8

## 5.2 Lokalisering av reinseanlegg og naturmangfald i området

Reinseanlegget skal ligge på GNR./BNR. 13/52, og kommunen er sjølv grunneigar.

Utsleppet frå anlegget sleppast ut i Juvatn, som er ein innsjø i Lognaelva, som igjen er eit tilsig til Mandalselva. Juvatn er på om lag 8,1 km<sup>2</sup>. Det er populært å bade i nordenden av vatnet. Dette er langt oppstrøms utsleppet, og det er ikkje venta at utsleppet vil gi påverknad på vasskvaliteten.

Næraste nabobygningar til reinseanlegget er ein lagerhall like ved og ein fritidsbustad om lag 100 meter unna.

Det er ikkje registrert artar av nasjonale forvaltningsinteresser i nærleiken av reinseanlegget eller utsleppet om en ser bort ifrå registreringar av enkelte fuglar, som ikkje vil påverkast av utsleppet eller reinseanlegget. Sjå eget avsnitt om naturmangfaldlova i punkt 4.3.3.

## 5.3 Om planlagt reinseanlegg

I søknaden skriv Åseral kommune at dei er i kontakt med fleire aktørar for å vurdere korleis Bortelid avløpsreinseanlegg kan byggast om eller på anna måte byggast ut for å reinse i samsvar med dei kommande reinsekrava. Ein har ikkje konkludert på kva for reinseteknikk ein vil nytte, men anlegget må ha ei prosesslinje som kan reinse både organisk stoff (sekundærreinsing) og fosforfjerning (tertiærreinsing).



Det skal ikkje være slambehandling ved anlegget.

Kommunen har ikkje lagt inn ein framdriftsplan for prosessen i søknaden, men dei ventar å velje aktør for skisseprosjekt seinhausten 2024.

#### **5.4 Leidningsnett**

I avløpssystemet til Bortelid avløpsreinseanlegg er det ca. 50,7 km avløpsleidningsnett og sju pumpestasjonar. Ifølge søknaden er leidningskartverket delvis mangelfullt oppdatert på leidninganes alder og materialtypar, men leidningsnettet i det tettbygde området er jamt over relativt nytt, og ein antar at røyra som er nytta er av PVC.

#### **5.5 Områdeinndeling**

Alle nedbørsfelt med avrenning til kyststrekningen aust for Lindesnes fyr er klassifiserte som følsame områder, jf. forureiningsforskrifta § 11-6 vedlegg 1 pkt. 1.2. Bortelid tettbygde område har avrenning til Mandalselva og regulerast etter forureiningsforskrifta § 14-6.

#### **5.6 Resipientundersøkingar**

Juvatn (ID.nr.: 022-1170-L) er ein oligotrof, svært kalkfattig og klar innsjø, og det er få andre kjelder til organisk stoff og nærings salt enn utsleppet frå reinseanlegget.

Kommunen gjennomførte resipientkartlegging i Juvatn i 2023. Konklusjonen frå kartlegginga viser at vasskvaliteten i Juvatn med omsyn til fosfor og nitrogen er svært god. Det er ikkje venta at eit auka utslepp vil påverke vatnet negativt slik at det blir vanskelegare å oppnå miljømåla i vannforskrifta § 4. Vi viser til søknadens vedlegg om resipientundersøking for meir informasjon.

### **6. Saksgang**

#### **6.1 Korrespondanse**

- Tilsyn med Åseral kommune som forureiningsmyndigheit for anlegg omfatta av forskriftas kapittel 13, 22. september 2022
- Sluttmøte etter tilsyn, 3. oktober 2022
- Møte med Åseral kommune om Bortelid avløpsanlegg, 13. januar 2023
- Korrespondanse om resipientundersøking, 15. februar 2023
- Møte om utsleppsløyve for Bortelid tettbygde område, 8. november 2023
- Søknad om utsleppsløyve, 3. juli 2024
- Høyring av søknad om utsleppsløyve 23. august 2024
- Oversending av utkast til utsleppsløyve og varsel om gebyr, 25. oktober 2024.



## 6.2 Høyring

Statsforvaltaren forhandsvarsla søknaden i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5 og la søknaden ut på vår heimeside. Søknad om løyve var på høyring mellom 23. august og 4. oktober 2024. Vi ikkje fått merknadar til søknaden.

## 6.3 Oversending av utkast og møte om vilkåra i løyvet

Statsforvaltaren sendte utkast til løyvet til Åseral kommune den 25. oktober 2024.

Statsforvaltaren og Åseral kommune hadde møte den 6. november. Kommunens konsulentar deltok også i møtet. Hensikten med møtet var å ha ein gjennomgang av vilkåra i utkastet til løyvet.

## 6.4 Åseral kommunes merknadar til utkast til løyve

Åseral kommune sendte i brev datert 18. november 2024 sine merknadar til utkast til løyvet.

Her er ei kort oppsummering av kommunens kommentarar:

### Om reinsegrad for BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>Cr</sub>

Åseral kommune meiner det ikkje er naudsynt å gi krav om strengare krav til reinsing av organisk stoff enn kva som er gitt i forskrifta for å sikre sterkare insentiv for å ha eit godt vedlikehald av leidningsnett i det tettbygde området, da løyvet allereie har fleire krav som sikrar gode planar for vedlikehald. Det føreligg ikkje teikn på at resipienten vil bli påverka av utsleppet, og eit skjerpa krav vil gi store meirkostnadar for kommunen utan at det gir en miljøgevinst.

### Om auka prøvetakingsantal

Kommunen finn det ikkje naudsynt å ta fleire prøver enn forskriftas krav, da dei meiner å ha god kjennskap til sesongvariasjonane ved anlegget. Ein auka prøvetakingsfrekvens vil ikkje gi ei kunnskapsauke som kan forsvare den auka kostnaden.

## 6.5 Statsforvaltarens svar på kommunens merknadar

Statsforvaltaren har gjort tatt kommunens merknadar til følge og satt vilkår om reinsekrav og prøvetakingsfrekvens som samsvarar med forureiningsforskriftas minstekrav. Vi kan ikkje sjå at utslepp frå reinseanlegget utgjer ei fare for vasskvaliteten i resipienten i eit slikt omfang som kan forsvare dei auka kostnadane dei skjerpa krava ville ha medført.

## 7 Klagerett

Åseral kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket om nytt løyve, inkludert gebyrsatsen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren i Agder.



Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket utsettast. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget tiltak bestemme vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på..

Ved klage på val av gebyrsats, skal tilsendt faktura frå Miljødirektoratet betalast innan fristen. Miljødirektoratet vil refundere eventuelt overskytande beløp dersom klagen imøtekommast.

Vi sender kopi av dette brevet med vedlegg til dei saken gjeld og kunnjer vedtaket på heimesida vår (<https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/>).

Med helsing

Ingunn Løvdal  
miljøverndirektør  
Seksjon forurensning

Veronica Skjævestad  
seksjonsleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Utsleppsløyve Bortelid tettbygde område, Åseral kommune - Vilårsdel



## Løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Bortelid tettbygde område i Åseral kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16, § 22 og § 40 samt forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-4 og forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta).

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 3. juli 2024, andre opplysningar som kom fram under saksbehandlinga og opplysningar frå uttrekk av Vann-nett datert 21.10.2024

Dette løyvet er ajourført per 18. november 2024.

### Informasjon om verksemda

Namn på ansvarleg eining	Åseral kommune, avdeling for teknisk og plan	
Kommune	Åseral	
Postadresse	Gardsvegen 68	
Postnr.	4540	Poststad: Åseral
Org. nummer (bedrift)	974 772 914	
NACE-kode og bransje	84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked.	

Tettbygd område	Bortelid tettbygde område, 10-033
Anleggsnamn	Bortelid avløpsanlegg
Lokalisering av reinseanlegg	Gnr./bnr. 13/52 i Åseral kommune, UTM 32N 0413722, N6522362
Anleggsnr. og anleggsaktivitet:	4224.0008.01, avløpsnett og -reinsing

### Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Arkivreferanse
2024.0933.T	2023/1901

Løyve gitt første gong: 18. november 2024	Løyve sist revidert i medhald av fl. § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Ingunn Løvdal e.f. miljøverndirektør		Veronica Skjævestad Seksjonsleiar forureining

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt og forklaring av endring

## Innhold

1	Rammer for løyvet.....	5
1.1	Omfang .....	5
1.2	Oversikt over krav med fristar .....	6
2	Generelle vilkår .....	7
2.1	Utslippsavgrensningar .....	7
2.2	Plikt til å overhalde grenseverdier .....	7
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg .....	7
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	7
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare .....	7
2.6	Plikt til internkontroll .....	8
2.6.1	Krav om miljørisikovurdering .....	8
2.7	Krav til kommunen si planlegging av samla avløpsverksemd.....	9
2.8	Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad. ....	9
2.9	Ombygging og overføring av avløpsvann til andre anlegg .....	10
3	Utslepp til vatn .....	10
3.1	Krav til avløpsnett .....	10
3.1.1	Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn .....	10
3.1.2	Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnett mv. ....	10
3.1.3	Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avløpsnett .....	11
3.1.4	Krav til utslepp via overløp .....	11
3.1.5	Krav til verknadsgrad for avløpsnett .....	12
3.2	Krav til reinsing av avløpsvatn .....	12
3.2.1	Generelt .....	12
3.2.2	Oversikt over reinseanlegg.....	12
3.2.3	Reinsekrav.....	13
3.2.4	Utsleppspunkt for reinseanlegg og overløp .....	14
3.2.5	Påselepp .....	14
4	Utslepp til luft .....	14
4.1	Generelt .....	14
4.2	Lukt frå punktkjelder .....	15
4.3	Utslepp av klimagassar .....	15
5	Støy .....	15
6	Avfall og avløpsslam .....	16
6.1	Generelle krav til avfall .....	16
6.2	Handtering av avløpsslam .....	16
7	Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap .....	16
7.1	Førebyggjande tiltak.....	16
7.2	Beredskapsanalyse .....	17
7.3	Beredskapsplan .....	17

7.4	Beredskapsetablering.....	17
7.5	Øving av beredskap .....	17
7.6	Varsling av akutt forureining .....	17
8	Resipientovervaking.....	18
8.1	Overvaking etter vassforskrifta .....	18
8.2	Rapportering av overvakingsresultat .....	18
8.3	Registrering i Vannmiljø.....	19
9	Energi.....	19
9.1	Energistyringsystem.....	19
9.2	Utnytting av overskotsenergi .....	19
10	Substitusjon av kjemikalier og råstoff.....	19
11	Krav til rapportering.....	20
11.1	Årleg eigenkontrollrapportering .....	20
11.2	Årsrapport - årlege vurderingar av driftsforhold .....	20
12	Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvann til andre anlegg.....	20
13	Tilsyn.....	21
14	Vedlegg 1: Oversikt over utvalde, sentrale faguttrykk i løyvet.....	22



# 1 Rammer for løyvet

## 1.1 Omfang

Løyvet gjeld all transport, behandling og utslepp av avløpsvatn, inkludert eventuelt forureina overvatn frå Bortelid tettbygde område på **inntil 7 000 BOF<sub>5</sub> personekvivalentar (pe)** i maksveke. Løyvet gjeld ifrå eit nytt reinseanlegg blir tatt i bruk. Reinsekrava skal vere overhaldne seinast innan 31. desember 2028.

Alle tettbygde område som er knytt til same reinseanlegg, også tettbygd område i andre kommunar, blir rekna som eitt tettbygd område i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 11, § 11-3 bokstav k, andre ledd.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på det tettbygde området si utbreiing (areal) og størrelse (pe utrekna som BOF<sub>5</sub> etter NS 9426). Ved utbygging av kommunen sin infrastruktur eller vesentleg utviding av verksemd som fører med seg auka utslepp frå det tettbygde området, skal det tettbygde området si geografiske utbreiing og utsleppsstørrelse oppdaterast.

Kommunen pliktar å sørge for at det er samsvar mellom reinsekapasitet og størrelsen på potensielt utslepp (BOF<sub>5</sub> pe) av avløpsvatn i maksveke frå det tettbygde området før slike endringar som nemnt over blir realisert. Dersom størrelsen på det faktiske utsleppet i BOF<sub>5</sub> pe overskrider rammene for pe i løyvet, er dette i strid med løyvet. Kommunen pliktar difor å varsle Statsforvaltaren og gjere greie for om dette skuldast ei enkeltstående hending, eller om det vil vere ei permanent endring. Ved langvarige overskridingar pliktar kommunen å utarbeida ein tiltaksplan for å redusera konsekvensane av dette på kort og lang sikt. Ved permanente utvidingar, må kommunen søke Statsforvaltaren om ei endring av løyvet.

Rammene for dette løyvet tek utgangspunkt i utrekna potensielle utslepp oppgitt i utsleppssøknaden av 3. juli 2024 og svarar kommunens kunnskap om talet på fritidsbustader, fastbuande og anna. Ifølge søknaden inkluderer estimatet ikkje påslepp frå industri, og ein er heller ikkje kjent med at slike verksemdar er under planlegging.

Dette løyvet omfattar ikkje mottak av septikslam<sup>1</sup>.

Krava til overvaking i dette løyvet er tilpassa behovet for samordna overvaking etter vassforskrifta.

Avløpsdirektivet er under revidering og kan føre til endringar i forureiningsforskrifta. Det vil til kvar ein tid vere det strengaste kravet som gjeld.

---

<sup>1</sup> I søknaden skriv Åseral kommune at anlegget ikkje skal ta imot septikslam, då dette skal leverast til slamlaguna på Nerstøl i Hægebostad kommune.

**Tabell 1:** Berekingane som ligg til grunn for utsleppsforhald

Kjelde	Beregnet BOF <sub>5</sub> (pe) i 2024	Beregnet BOF <sub>5</sub> (pe) i 2060
Fast busette	28	28
Tilknytte fritidsbustader og camping	2 806	6 886
<b>SUM</b>	<b>2 834</b>	<b>6 914</b>

## 1.2 Oversikt over krav med fristar

**Tabell 2:** Viser oversikt over krav med spesifikke fristar sett i løyvet

Tiltak	Frist	Referanse
Driftsette og oppnå krav om sekundærreinsing og fosforfjerning ved nye Bortelid reinseanlegg.	31.12.2028	3.2.3
Utarbeide og seinare oppdatere miljørisikovurderingar for det samla avløpssystemet	Årleg, første gong 31.12.2028	2.6.1
Oversending av heilskapleg handlingsplan for kommunens avløpssystem i Bortelid tettbygde område, inkludert <ul style="list-style-type: none"> <li>Plan for trinnvis tilknytning av fritidsbustader</li> <li>Plan for fornying av avløpsnett</li> <li>Plan for å redusere tilførsler av overvatn og anna framandvatn til det kommunale avløpssystemet.</li> </ul>	Første gong 31.12.2028 deretter årleg gjennomgang	2.7  3.1.1 3.1.2 3.1.3
Dokumentere årlege utsleppsmengder frå overløp	Årleg, første gong 1.3.2029	3.1.4, 11.2
Gjennomføra planlagde tiltak for å redusere innlekking av framandvatn og utslepp frå overløp	Kontinuerleg	3.1.3, 3.1.4
Sanere overløp som er i strid med løyvet	31.12.2030	3.1.4, 3.2.3
Innføra systematisk kartlegging av utlekking frå leidningsnett	31.12.2028	3.1.5
Gjennomføre planlagde tiltak for å redusera utlekking	Kontinuerleg	3.1.5
Dokumentere leidningsnettets verknadsgrad	Årleg, første gong 1.03.2029	3.1.5, 11.2
Påslepp Krav til vurdering av påslepp i miljørisikovurderinga	Kontinuerleg	3.2.5 2.6.1
Sende inn forslag til resipientovervakingsprogram	Første gong 31.12 2028, deretter kvart 3. år	8.1
Rapportere overvakingsresultat og vurderingar til Statsforvaltaren og legge inn overvakingsdata i Vanmiljø	Innan 1.3. kvart 3. år	8.2 og 8.3

Etablere system for vurdering av energiforbruk	31.12.2028	9.1
Rapportere avløpsdata til forureiningsstyresmaktene via Altinn	Årleg innan 1.3.	11.1
Rapportere driftsdata og vurdering av drifta som vedlegg til Altinn-skjema	Årleg innan 1.3.	8.2 og 11.2

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utslippsavgrensningar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning for organisk belastning og eutrofieringssituasjonen i resipienten er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet pkt. 3 til 5. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er kome fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

### 2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene jf. vilkår 3.2.3 og innanfor dei rammer som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-13. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvika frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusera forureining så langt som mogleg

All forureining frå det totale avløpssystemet, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar kommunen å redusera utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader.

Det totale avløpssystemet skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at forventna funksjon og kapasitet blir halde ved lag og er stabil også ved variasjonar i belastning og klimaforhold.

### 2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal kommunen sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

### 2.5 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setja i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

Kommunen skal så snart som mogeleg informera Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast, jf. krav fastsett i punkt 7 i dette løyvet.

## 2.6 Plikt til internkontroll

Kommunen pliktar å etablere internkontroll for si avløpsverksemd i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>2</sup>. Internkontrollen skal sikra og dokumentera at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova<sup>3</sup> og relevante forskrifter til desse lovene, der særleg forureiningsforskrifta kap. 11 og 14 legg rammer for kommunens avløpsverksemd. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføra forureining og kunne gjera greie for risikoforhold. Konkrete krav til innhaldet i ei miljørisikovurdering, både med omsyn til *akutt* forureining og risiko for annan ulovleg forureining, er gitt i punkt 2.6.1.

### 2.6.1 Krav om miljørisikovurdering

Kommunen skal ha ei oppdatert skriftleg, klimatilpassa miljørisikovurdering for det totale avløpssystemet som dette løyvet omfattar. Dette inneber ei kritisk gjennomgang av forhold som er knytt til avløpssystemet som kan forårsaka utilsikta forureiningsutslepp/farar for forureining. Både konsekvensreducerande og sannsynsreducerande tiltak skal vurderast.

Miljørisikovurderinga skal angi risiko og risikoreducerande tiltak i prioritert rekkjefølgje og skal som eit minimum leggje vekt på

- Påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- Kritiske punkt på leidningsanlegg
- Kritiske punkt på reinseanlegg
- Utslepp til sårbar resipient
- Utslepp av farlege stoff
- Områder med mogelege brukarkonfliktar
- Korleis det totale avløpssystemet blir påverka av klimaendringar
- Vassforskrifta § 4 og mål om god kjemisk og økologisk tilstand i vassførekomstane

På grunnlag av utførte risikoanalysar og fastsette akseptable risikonivå for miljøskadelege hendingar som følgje av utslepp, må det planleggjast og gjennomførast tiltak for å overhalde akseptabelt risikonivå. Kvant tiltak skal vere knyta til ein ansvarleg person/stilling, og tiltaket skal ha ein frist for gjennomføring.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal evaluerast minst ein gong per år og skal oppdaterast etter kvart som tiltak er gjennomført og kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Evalueringa skal dokumenterast skriftleg. Kommunen skal ha ei skriftleg rutine for gjennomføring av miljørisikovurderingar, inkludert kriterium for oppdatering av vurderingane.

---

<sup>2</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

<sup>3</sup> L11.06.1976 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova)

Miljøriskovurderinga skal vere ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen og beredskapsplanen (sjå punkt 2.7 og punkt 7.3).

## **2.7 Krav til kommunen si planlegging av samla avløpsverksemd**

Kommunen skal sørge for å identifisera behovet for vedlikehald, fornying og utbygging av leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg for kommunalt avløpsvatn og overvatn både på kort og lang sikt. Kommunen pliktar vidare å sette av tilstrekkeleg med ressursar, både økonomiske og personressursar, slik at identifiserte behov for tiltak og andre krav i dette løyvet kan gjennomførast som planlagt. Korleis kommunen skal løyse dette i praksis innanfor fastsette fristar, skal dokumenterast overfor Statsforvaltaren i Agder gjennom oversending av ein heilskapleg handlingsplan for avløpsområdet (temaplan avløp, hovudplan avløp e.l.) innan **31.12.2028**.

Gjennom handlingsplanen skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med annan planlegging i kommunen. Planen skal resultera i utarbeiding av konkrete tiltaksplanar, som igjen skal avspeglast i ein plan for årleg gjennomføring av tiltak. Kva tiltak som skal gjennomførast innanfor gjeldande og komande økonomiplanperiode skal gå tydeleg fram av handlingsplanen.

Kommunen skal på bakgrunn av ei årleg vurdering av korleis krava i dette løyvet og forureiningsforskrifta kap. 14 er følgt opp, vurdere behov for nye tiltak og endringar i prioriteringane.

Som ein del av den årlege vurderinga, skal kommunen vurdere om den etablerte behandlingsskapiteten for kommunalt avløpsvatn står i forhold til utrekna potensielt utslepp frå det tettbygde området og med vedtekne planar om utbygging. Dette for å sikra at behovet for auka oppsamlings- og behandlingsskapitet for avløpsvatn er tilpassa kommunens planar for ny utbygging av busetnad, hytteområde eller aktuell næringsverksemd<sup>4</sup>. Dersom vurderinga viser at behandlingsskapiteten ikkje er tilstrekkeleg, skal kommunen presentera ein konkret plan for å auka behandlingsskapiteten og sikra framtidig finansiering innan utbygginga skal gjennomførast.

Ei skriftleg oppsummering av denne årlege vurderinga skal leggjast ved kommunens eigenkontrollrapportering til Statsforvaltaren, jf. vilkår 11.2.

## **2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad.**

Kommunen skal ha kjennskap til og kunne dokumentere skriftleg i kva grad reinseanlegg, avløpsnett og forureina overvatn påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukt av sårbare artar.

---

<sup>4</sup> Aktuell næringsverksemd: næringsverksemd som vil innebera auka belastning på kommunens oppsamlings- og behandlingsskapitet for avløpsvatn, som påslepp frå hotellverksemd og næringsmiddelindustri.

Det må visast særleg aktsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving eller andre aktivitetar som kan påverke naturmangfaldet. Kommunen må gjere seg kjent med aktuelle lovkrav som kan gjelde for slik aktivitet.

## **2.9 Ombygging og overføring av avløpsvann til andre anlegg**

Dersom reinseanlegg er planlagt nedlagt eller stansa for ein periode grunna ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan medføre fare for auka forureining kan ikkje startast før Statsforvaltaren i Agder har gitt midlertidig unntak frå gjeldande reinsekrav. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må difor sendast Statsforvaltaren i Agder i god tid.

# **3 Utslepp til vatn**

## **3.1 Krav til avløpsnett**

### **3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn**

Avløpsvatnet frå nye bygningar skal knytast til offentleg avløpsnett, jf. § 27-2 i plan- og bygningslova.

Kommunen skal utarbeida planar for trinnvis auka tilknytning for eksisterande bygningar der tilknytingsgraden er lågare enn 98 %. Planane skal inngå i kommunen sin heilskaplege handlingsplan for avløpsområdet.<sup>5</sup>

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over utbyggingar og tilkoplingar som medfører endring av det tettbygde området si samla utbreiing og størrelse (pe).

Kommunen må halde seg oppdatert på ny avløpsteknologi og ta i bruk beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense utslepp.

### **3.1.2 Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnett mv.**

Kommunen skal utarbeida ein tiltaksplan for fornying av avløpsnett med kummer, pumpestasjonar m.m. Tiltaksplanen skal vise det årlege, gjennomsnittlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett, og kva kriterium som er lagt til grunn for fornying. Fornyingsprogrammet skal vere samanhengande og skal minst omfatta dei neste 5 åra.

Kommunens leidningsdatabase skal oppdaterast kontinuerleg etter kvart som leidningsnett blir fornya.

---

<sup>5</sup> Basert på nasjonale mål for vatn og helse, som seier minst 98 % tilknytningsgrad pr. reinsedistrikt.

### **3.1.3 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avløpsnett**

Kommunen skal også innan **31.12.2028** ha laga ein plan for å redusera mengda framandvatn som blir tilført leidningsnett. Planen skal leggje opp til ei stegvis separering av avløpsnett for overvatn og sanitært avløpsvatn.

Gjennomføringa av tiltak for å redusera tilførsel av overvatn og anna framandvatn til avløpsnett må sjåast på som første steg i tiltak for å betre reinseløysninga for avløpsvatn.

I område der det separate overvassnett mottar forureina overvatn, skal behovet for reinsing vurderast og dokumenterast som ein del av nemnte plan.

Utslepp av sanitært avløpsvatn via overvassnett er ikkje tillate.

### **3.1.4 Krav til utslepp via overløp**

Kommunen skal ha oversikt over alle utslepp av ureinsa avløpsvatn via overløp direkte til resipient.

Utslepp via overløp skal ikkje føre til forsøpling.

Utslepp av forureina avløpsvatn via driftsoverløp er uønska, og innan 31.12.2030 skal den samla mengde utslepp via driftsoverløp ikkje vere over 2,0 %. Eventuelle overløp som er i strid med løyvet skal sanerast innan **31.12.2030**.

Kommunen skal som del av den heilskaplege handlingsplanen for avløpsområdet, inkludere ein tiltaksplan for å redusera driftsoverløp og vurdere moglegheiter for å etablere utjamningsbasseng eller andre avbøtande tiltak, jf. pkt. 2.7. Det skal særleg takast omsyn til behovet for å redusere utslepp til sårbare resipientar og resipientar brukt til bading m.m. der utsleppa kan representera ein miljø- eller helsefare.

Driftstid for alle driftsoverløp skal registrerast og utsleppsmengder skal reknast ut. Dette skal inngå i årsrapporteringa til Statsforvaltaren jf. vilkår 11.2 frå og med **31.12.2028**.

Alle utslepp via nødoverløp skal registrerast særskilt og handterast som ein avvikssituasjon. Både driftstid og utsleppsmengd skal kunne reknast ut.

Kommunen skal ha eit overvåkings- og beredskapssystem som sikrar at nødoverløp straks blir oppdaga og utbetra innan 24 timar. Rutinar for dette skal gå fram av kommunen sine internkontrollrutinar og beredskapstiltak.

Planlagt stans i pumpestasjonar skal i utgangspunktet ikkje gi overløpsdrift. I dei tilfella der dette likevel kan bli nødvendig og kan føre til brukarkonfliktar, skal Statsforvaltaren i Agder varslast på førehand.

### 3.1.5 Krav til verknadsgrad for avløpsnett

Kommunen skal systematisk kartlegge utlekking frå avløpsnett og kontinuerleg gjennomføra planlagde tiltak for å redusera lekkasjar av ureinsa avløpsvatn frå leidningsnett.

Verknadsgraden til avløpsnett, det vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget, skal dokumenterast jamleg kvart år. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir rekna ut eller vurdert kvalitativt, jf. punkt 3.1.4. I tillegg skal andre kjelder til tap reknast ut eller vurderast kvalitativt.

Dokumentasjonen skal første gong sendast Statsforvaltaren i Agder innan **1.3.2029**.

Utslepp på grunn av feil ved leidningsnett, stans i pumpestasjonar og liknande skal ikkje redusera verknadsgraden i avløpsnett med meir enn 3 % basert på rekna mengde fosfor.

## 3.2 Krav til reinsing av avløpsvatn

### 3.2.1 Generelt

Alt avløpsvatn som er medrekna i det tettbygde området sin utsleppsstørrelse, skal behandlast slik at same minimumskrav til reinsing blir oppfylt, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi ved reinseanlegga. Dette gjeld også for private avløpsanlegg over 50 pe som ikkje er knytte til kommunalt avløpsnett.

### 3.2.2 Oversikt over reinseanlegg

Reinseanlegg innanfor det tettbygde området og som er omfatta av dette løyvet, går fram av **Feil! Fant ikke referanseilden.** under. Oversikta gjev informasjon om belastning, dimensjonerande kapasitet i BOF (pe) og hydraulisk kapasitet for anlegget. Oversikta viser også type reinseprosess etablert ved anlegget.

Reinseanlegget skal utformast slik at krava i forureiningsforskrifta kap. 14 og krava i dette løyvet kan overhaldast.

For eksisterande Bortelid reinseanlegg gjeld eksisterande løyve og forureiningsforskrifta kapittel 13 inntil eit utvida eller nytt anlegg er sett i drift, som skal vere seinast **31.12.2028**.

**Tabell 3.:** Reinseanlegg omfatta av løyvet

Namn på reinseanlegg	Tilført belastning i BOF <sub>5</sub> (pe) i 2024 i maksveke	Dimensjonerande kapasitet i BOF <sub>5</sub> (pe)	Hydraulisk kapasitet (m <sup>3</sup> per time) Qmaks	Reinseprosess
Bortelid avløpsanlegg	2 834	7 000	41,32 m <sup>3</sup>	Biologisk/kjemisk



Reinseanlegga skal utformast slik at krava i forureiningsforskrifta kap. 14 og krava i dette løyvet kan haldast.

### 3.2.3 Reinsekrav

Alle avløpsanlegg større enn 50 pe i Bortelid tettbygde område skal innan **31.12.2028** minst oppfylle krava til sekundærreinsing, jf. § 14-2 b) i forureiningsforskrifta. I tillegg skal anlegga oppfylle krav til minst 90 % fosforfjerning. Prøver av  $KOF_{Cr}$  og  $BOF_5$  skal minst etterkoma enten krav til konsentrasjon eller reinseffekt.

#### Generelt om dokumentasjonskrav

Utsleppsparametre, tilhøyrande grenseverdiar, minimum tal prøver og midlingstid, er sett inn i **Feil! Fant ikke referanseilden.** under. Utslepp via overløp (både driftsoverløp og naudoverløp) ved reinseanlegget skal reknast med i reinsegraden for anlegget og er inkludert i reinsekrava.

Dersom utsleppet av  $KOF_{Cr}$  og/eller  $BOF_5$  er overskride med 100 % eller meir enn kva reinsekrava seier, så skal kommunen varsle Statsforvalteren i Agder, jf. § 14-14, og sekundærreinskreavet er ikkje innfridd for det aktuelle året, jf. § 14-13 første ledd.

**Tabell 4:** Bortelid reinseanlegg, utslippsparameter, krav til reinseffekt og metode

Utslippsparameter	Krav	Prøvetype og -frekvens
Total fosfor (tot-P)	Minst 90 % reduksjon Reinseffekt reknast som årleg middelveidi	12 vekeblandprøver eller døgnblandprøver per år
Biologisk oksygenforbruk ( $BOF_5$ )	Minst 70 % reduksjon eller utslippskonsentrasjonen ikkje overstig 25 mg $O_2/l$	10 av 12 døgnblandprøver må overhalde krav
Kjemisk oksygenforbruk ( $KOF_{Cr}$ )	Minst 75 % reduksjon eller utslippskonsentrasjonen ikkje overstig 125 mg $O_2/l$	10 av 12 døgnblandprøver må overhalde krav

#### Krav om måleprogram

Som eit ledd i driftskontrollen til det enkelte avløpsanlegg, skal det fastsetjast eit måleprogram med analyser og målingar av relevante drifts- og utslippsparametre tilpassa det enkelte anlegget sin størrelse, medrekna utslepp til vatn, grunn og luft. Måleprogrammet skal vere ein del av kommunen sin internkontroll og haldast oppdatert.

Måleprogrammet skal omtala dei forskjellige stega i målingane og grunngi valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens).

Prøvetidspunkta skal veljast slik at resultatata blir mest mogleg representative for variasjonar i utslepp gjennom heile året ved normale driftsforhold. Måleprogramma skal omfatta antatt maksveke for belastning for det enkelte anlegg og periodar med overløp. Minimum antal på akkrediterte prøver skal minst vere i samsvar med krava i tabell 4 i dette løyvet, men antalet skal

aukast dersom dette er nødvendig for å ivareta kravet til representativitet. Dersom ein prøve må strykast pga. unormale driftsforhold, skal dette kompensert med at det blir tatt ut ein ny prøve på eit seinare tidspunkt.

Prøvene skal analyserast, jf. krav i forureiningsforskrifta § 14-12. Analysane skal utførast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane etter NS-EN ISO/IEC 17025. Norske standardar skal nyttast så langt som mogeleg. Dersom dette ikkje finst, kan internasjonal standard eller annan metode nyttast så lenge metoden gjev representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.

Dersom kommunen ønskjer å analysere på andre parametrar enn  $BOF_5$  og  $KOF_{Cr}$  og SS, må dette avklarast med Statsforvaltaren i forkant. Eit krav vil då vere at det er påvist ein høg statistisk korrelasjon mellom ønska parameter og parameteren utsleppskontrollen er ønska basert på.

### 3.2.4 Utsleppspunkt for reinseanlegg og overløp

Reinsa avløpsvatn skal førast ut i resipient på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg, og slik at brukarinteresser ikkje blir påverka.

**Tabell 5:** Utsleppspunkt for Bortelid reinseanlegg

Utsleppspunkt	Koordinatar aust (UTM sone 32)	Koordinatar nord (UTM sone 32)	Avstand frå land og resipient	Djupne
Utsleppspunkt frå Bortelid reinseanlegg	413722	6522362	480 m frå austsida av Juvatn	40 m, 15 meter under LVR.

### 3.2.5 Påslepp

Eventuelle påslepp til kommunalt leidningsnett skal ikkje redusere moglegheita for å overhalda utslepps- og reinsekrav sett i dette løyvet eller forureiningsforskrifta. Påslepp skal heller ikkje redusere moglegheita for å utnytte avløpsslammet i medhald av krav i gjødselvereforskrifta.

Kommunen skal ha oversikt over verksemder som kan utgjera ein risiko for det kommunale avløpssystemet jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følge opp desse gjennom påleggskrav og tiltak.

## 4 Utslepp til luft

### 4.1 Generelt

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile avløpssystemet si samla verksemd. Dette for å sikre at lukt frå pumpestasjonar, overløp, kummar og eventuelle lufteinnretningar ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområdet.

Kommunen skal ha oversikt over kjelder og vurdera behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

Før bygging av nye anlegg, komponentar (pumpestasjonar, kummar, uteareal og leidningar) må kommunen vurdera moglege kjelder til lukt og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengforhold kan skapa luktkonfliktar.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik på lukt. Systemet skal vere ein del av internkontrollen. Innkomande klagar skal knytast til stad og tid. Klagene skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar når dette er aktuelt og han skal rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar med vilkår **Feil! Fant ikke referanseilden.** om årleg rapportering.

## 4.2 Lukt frå punktkjelder

Punktutslepp for avgassar skal handterast slik at luktulemper blir effektivt førebygd. Utrekna luktimmisjon frå slike kjelder ved omliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overskride  $1 \text{ ouE/m}^3$  som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

## 4.3 Utslepp av klimagassar

Utslepp av klimagassar frå drift av det totale avløpssystemet skal haldast på eit så lågt nivå som mogeleg.

# 5 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride grensene i **Feil! Fant ikke referanseilden.** Grensene skal målast eller reknast ut med frittfeltverdi ved den fasaden som er mest støyutsett.

**Tabell 6:** Støygrenser

Dag	Søn- og heilag dagar	Kveld (kl. 19-23) kvardagar	Natt (kl. 23-07) Alle døgn	Natt (kl. 23-07) Alle døgn
55 $L_{den}$	45 $L_{den}$	50 $L_{evening}$	45 $L_{night}$	60 $L_{AFmax}$

$L_{den}$  er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

$L_{evening}$  er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

$L_{night}$  er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

$L_{AFmax}$  er A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms

Alle støygrenser skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta av reinseanlegget, inkludert intern transport på områda til anlegget og

lossing/lasting av råvare, slam etc. Støy frå byggje- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

## 6 Avfall og avløpsslam

### 6.1 Generelle krav til avfall

Verksemda pliktar så langt som råd å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Innhald av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast i størst mogleg grad.

Kommunen pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, og avfallsforskrifta<sup>6</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Ved ev. bruk av biofilmbærarar må det sikrast at plastmedium ikkje blir spreidd til miljøet.

### 6.2 Handtering av avløpsslam

Med avløpsslam meiner ein her den faste fraksjonen som blir felt ut ved reinseprosessar i reinseanlegg, og der ristgods er fjerna i forkant. Septikslam er ikkje inkludert her.

Kommunen skal ha oversikt over kva mengder råslam som oppstår i det enkelte reinseanlegg, slamkvalitet og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporteringa for reinseanlegg, sjå pkt. **Feil! Fant ikke referanseilden..**

Avløpsslam som ikkje blir behandla på staden, skal forbehandlast slik at det blir eigna for transport til behandlingsanlegg. Avløpsslam som ikkje overheld krava i gjødselvarforskrifta<sup>7</sup> og dermed ikkje er eigna for bruk, skal leverast til godkjent mottaksanlegg for avfall og ikkje blandast saman med anna avløpsslam.

Ved prøvetaking av slammet skal anerkjente metodar for å oppnå representative prøver nyttast.

Statsforvaltaren kan påleggje kommunen å delta i kartlegging for å dokumentera nivå av miljøgifter i slam.

## 7 Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap

### 7.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setta i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

---

<sup>6</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 01.06.2004, nr. 930

<sup>7</sup> Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav (gjødselvarforskrifta) av 4.7.2003, nr 951.

Kommunen pliktar i tillegg å ha ein plan for ei stegvis og systematisk gjennomføring av risikoreduserande tiltak avdekka i miljørisikovurderinga jf. vilkår **Feil! Fant ikke referanse kilden..**

## 7.2 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikovurderinga skal kommunen utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal kommunen utarbeida og grunngi

- organisering av beredskapen
- nødvendig beredskapsutstyr
- nødvendig mannskap
- responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

## 7.3 Beredskapsplan

Miljørisikovurdering, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av kommunen sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som eit minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

## 7.4 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

## 7.5 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong pr. år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle anbefalingar om forbetringar. Korleis eventuelle anbefalingar om forbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

## 7.6 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i medhald av gjeldande forskrift<sup>8</sup>.

Internkontrollen skal innehalde ei kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad av ytre miljø.

Kommunen skal så snart som mogleg informera Statsforvaltaren i Agder om:

---

<sup>8</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

- Akutt forureining grunna driftsstans som skuldast uhell eller langvarig straumbrot.
- Unormale forhold som har eller kan føre til vesentleg auka forureining.
- Utsleppskonsentrasjon på meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ei prøve der prøvetaking og analyse er utført jf. forureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-14.

## 8 Resipientovervaking

### 8.1 Overvaking etter vassforskrifta

Kommunen skal i samarbeid med nødvendig fagekspertise sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå reinseanlegga og overløp til aktuelle vassførekomstar i medhald av eit overvakingsprogram. Overvakinga skal vere risikobasert.

Programmet skal vise og begrunne kva element som vil bli undersøkt, og kommunen skal grunngi plasseringa av prøvetakingspunkt, prøvetakingsfrekvens og i kva medium (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført. Ved behov for endring av overvakingsprogrammet, skal utkast til endringar med grunngiving sendast Statsforvalteren seinast 1. november året før undersøkingane skal gjennomførast.

Kommunen skal overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten og dokumentere om utsleppa medfører redusert tilstand eller at miljømål ikkje nås, jf. vassforskrifta §§ 4 og 18. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3 og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vann<sup>9,10</sup>.

Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 3 år, med mindre Statsforvalteren har gitt aksept for ein anna frekvens.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrast, kan Statsforvaltaren pålegge ein utviding av overvakingsprogrammet for målepunkt, element og frekvens.

Dersom tilsvarende overvaking også blir utført av andre, pliktar kommunen å bidra til å gjennomføre ei samordna eller felles overvaking så langt det er mogeleg.

### 8.2 Rapportering av overvakingsresultat

Resultata frå resipientovervakinga skal drøftast i høve til målsettingane for overvakinga, og konklusjonane skal presenterast for forureiningsstyresmaktene som ein del av påfølgjande kalenderårs eigenkontroll- og årsrapportering, jf. punkt 11.2.

---

<sup>9</sup> Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking, M-997: 2018

<sup>10</sup> Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver

Analyseresultata skal vurderast etter det til ei kvar tid gjeldande klassifiseringssystem for vatn, gitt i vassforskrifta og rettleiingsmateriell til forskrifta.

### **8.3 Registrering i Vannmiljø**

Alle overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø, <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>, innan 1. mars året etter at undersøkingane er gjennomførte. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med kodeverket i Vannmiljø finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.>

## **9 Energi**

### **9.1 Energistyringssystem**

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv drift av heile avløpsanlegget. Eit energistyringssystem skal vere etablert innan **31.12.2028** og inngå i internkontrollen.

### **9.2 Utnytting av overskotsenergi**

Kommunen skal i størst mogeleg grad utnytta overskotsenergi internt og leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk mogeleg, er avgrensa av konsesjonar eller fører med seg urimelege kostnader.

## **10 Substitusjon av kjemikaliar og råstoff**

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda. Slike kjemikaliar kan til dømes vere fellingskjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel m.m.

For kjemikaliar som blir nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal kommunen dokumentera at ein har gjennomført ei risikovurdering av bruk og utslepp på bakgrunn av kjemikaliane sine eigenskapar, mengder, utsleppspunkt m.m., jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Kommunen eller den ansvarlege for drifta av reinseanlegget pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjera ei kontinuerleg vurdering av risiko for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikalia som blir brukt, og av om det finst alternativ. Der betre alternativ finst, pliktar kommunen å nytta desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>11</sup>

---

<sup>11</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) av 11.06.1976 nr. 79 § 3a om substitusjonsplikt

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje brukast utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>12</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikaliar.

## 11 Krav til rapportering

### 11.1 Årleg eigenkontrollrapportering

Kommunen skal rapportere avløpsdata til Statsforvaltaren innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje slik Statsforvaltaren legg til rette for. Rapporteringa skjer i dag via Altinn.

### 11.2 Årsrapport - årlege vurderingar av driftsforhold

Kommunen skal årleg gi ei skriftleg vurdering av driftsforholda siste kalenderår for avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking med vekt på overordna, kvalitative vurderingar.

Data som blir rapporterte i eigenkontrollrapporteringa eller til Vannmiljø er det ikkje nødvendig å repetere i årsrapporten, ut over kva kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbyggja konklusjonar.

Følgjande tema skal inngå i vurderingane:

- Korleis gjennomførte oppgraderingar siste kalenderår og planlagde endringar av avløpsnettet bidrar til å etterkoma krava i løyvet og delmål i kommunens temaplan/hovudplan avløp med tilhøyrande handlingsplanar.
- Korleis avløpsnettet fungerer, inkl. verknadsgrad for nettet totalt, driftstid og mengder avlasta for overløp og utrekning av innlekking og utlekking.
- Omfanget av tiltak for å redusera tilførslar av overvatn inkludert større separeringstiltak og forventa og registrert effekt av tiltaka,
- Korleis reinseanlegga fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyvet. Vidare skal det greiast ut om trendar for reinsing og driftsstabilitet.
- Eventuelle overskridingar av løyvet skal kommenterast særskilt for vilkår **Feil! Fant ikke referanseilden.** og **Feil! Fant ikke referanseilden.** med forslag til korrigerande tiltak.
- Resultat, trendar og konklusjonar frå resipientovervakinga jf. formål med overvakinga omtala i vilkår pkt. 8.1 og **Feil! Fant ikke referanseilden..**
- Status for risikovurderingar og oppfølging.

Årsrapportane skal lastast opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten til inntil denne rapporteringa eventuelt blir integrert i skjema for eigenkontrollrapportering.

## 12 Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvann til andre anlegg

---

<sup>12</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr. 516



Om avløpsanlegget er planlagt lagt ned eller stansa for en periode grunna ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til kvar ei tid er nødvendig for å motvirke fare for forureining.

Aktivitetar som kan medføre fare for forureining må avklarast med Statsforvaltaren. Søknad om eventuelle unntak frå gjeldande reinsekrav må sendast Statsforvalteren i god tid.

Dersom det skal skiftast ut utstyr ved verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på en vesentleg betre måte enn då løyvet blei gitt, skal Statsforvaltaren på førehand gis melding om dette.

All utskifting av utstyr skal ta utgangspunkt i den teknologi som ut ifrå ei samla vurdering av nåverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultat, jf. forureiningslova § 2.

Ved planlegging av nedlegging av avløpsreinseanlegg skal Statsforvaltaren få beskjed om dette. Plan for nedlegging med planlagde tiltak og fristar skal sendast Statsforvaltaren i god tid før nedlegging.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall tas hand om på forsvarleg måte, mellom anna at farleg avfall handterast i samsvar med avfallsforskrifta kap. 11. Dei tiltaka som treffast i samband med dette, skal rapporterast til Statsforvalteren i Agder innan 3 månader etter nedlegging eller stans.

Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikalier og namn på eventuell(e) kjøper(e).

Ved nedlegging av avløpsreinseanlegg skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden settast i miljømessig tilfredsstillande stand att.

## **13 Tilsyn**

Kommunen plikter å la representantar for Statsforvaltaren i Agder føre tilsyn med anlegget, jf. forureiningslova § 50.

## 14 Vedlegg 1: Oversikt over utvalde, sentrale faguttrykk i løyvet

Faguttrykk	Forklaring
Tettbygd område	Svarar til bokmålsuttrykket <i>tettbebyggelse</i> , definert i forureiningsforskrifta § 11-3 k) ut frå nærleik mellom husklynger med minst 5 hus. Sjå fullstendig tekst i forskrifta. I tillegg blir tettbygde område rekna som eitt tettbygd område dersom avløpsvatn frå to eller fleire tettbygde område blir samla opp og ført til eit felles reinseanlegg eller utsleppsstad. Definisjonen gjeld alle typar hus, både bustader, hytter/turistanlegg, næringsbygg, institusjonar, idrettsanlegg osb.
Utsleppsstørrelse for tettbygd område	Den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF <sub>5</sub> (pe) til det tettbygde området sitt avløpsnett som oppstår i maksveke. Blir rekna ut på bakgrunn av kunnskap om utsleppskjelder etter NS 9426. (Kjelde: Avløpsdirektivet)
Maksveke	Den veka med den største årlege BOF <sub>5</sub> (pe) – døgntilførsel rekna som gjennomsnitt av sju påfølgande dagar (Kjelde: NS 9426 og EUs avløpsdirektiv).
Kommunen sitt utrekna potensielle utslepp av avløpsvatn i maksveke	Den utrekna, maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF <sub>5</sub> (pe) til det avløpssystemet som er regulert i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med forventa høgast belastning. Utrekningane skal vere representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid, då løyvet uansett bør gjerast om seinast etter 10 år. (Kjelde: Avløpsdirektivet)
Avløpsslam	Avløpsslam er det slammet som blir felt ut ved reinsing i eit konvensjonelt reinseanlegg for avløpsvatn, og de ristgoods er fjerna i forkant. Septikslam inngår ikkje i denne definisjonen av hygieniske grunnar. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, omtales septikslam som ein form for avløpsvatn.
Råslam	Råslam er ubehandla avløpsslam, dvs. slam som ikkje har gjennomgått noko form for behandling. Fortjukking og avvatning av råslam er metodar for forbehandling som skjer på reinseanlegget for å redusera vassinnhaldet i avløpsslammet før transport. Dette er aktivitetar som det er naturleg å sjå på som ein del av drifta av eit reinseanlegg for avløpsvatn, og ikkje som avfallsbehandling. (Kjelde: Miljødirektoratet)
Septikslam	Septikslam er ei samlenemning for det som oppstår ved tømning av slamavskiljarar, septiktankar og tette oppsamlingstankar o.l. og som kan ha eit vassinnhald på 95-99 %. (Kjelde Bjarne Paulsrud, Vann nr. 4/1982).  Septikslam inngår ikkje i definisjonen av avløpsslam. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, blir septikslam definert som ei form for avløpsvatn.

Overløp	<p>Arrangement for bortleiing eller måling av væskemengder. Utforming avheng av funksjon og væskemengd. Overløp kan også brukast om den vassmengda som blir leia bort/målt. (Kjelde: Vannordboken).</p> <p>Der faguttrykket 'overløp' er brukt i dette løyvet, inngår både driftsoverløp og nødoverløp.</p> <p>Overløpets funksjon er at når den tilførte vassmengda overstig kapasiteten nedstrøms, blir ein del av vassmengda ført til ein avlastningsleidning (overløpsleidning) som normalt fører overløpsvatnet til næraste resipient. (Kjelde NV-rapport 222_2016)</p>
Driftsoverløp/ regnvassoverløp	<p>Overløp som <u>er etablert</u> for å hindre overbelastning av avløpssystemet i periodar med så store nedbørsmengder at avløpssystemets dimensjonerande kapasitet blir overskride. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.) Mest relevant for fellesnett.</p>
Nødoverløp	<p>Overløp som skuldast <u>upårekna</u> hendingar i alle delar av avløpssystemet og som blir brukt av tryggingsomsyn. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.)</p>
Framandvatn	<p>Framandvatn blir brukt om det vassvolumet som blir tilført avløpssystemet i tillegg til nødvendig spillvatn/sanitært avløpsvatn og ev. industrielt avløpsvatn som er tillate gjennom påslepp. Det er vanlegvis regnvatn, smeltevatn, grunnvatn eller drikkevatt. Framandvatn kan også vere infiltrasjonsvatn og innlekkingsvatn ifølgje boka om VA-teknikk av Ødegaard.</p>
Verknadsgraden til avløpsnett	<p>Vil seie kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget (og ikkje går tapt på vegen).</p>
Blandprøve	<p>Er ei prøve sett saman av fleire mindre vassmengde-proporsjonale delprøvar tatt gjennom prøvetakingsperioden. Prøvetakingsperioden er enten eit døgn eller ei veke. (Kjelde: Sweco-rapport)</p>
Vekeblandprøve	<p>Er ei blandprøve teken over minst fem døgn innanfor ein periode på maks sju påfølgjande døgn.</p>
Prøvetaking	<p>Prøvetaking er uttak av ein representativ prøve og all handtering av prøva til den er klar for analyse. Dette inkluderer transport og oppbevaring av prøven inntil prøven er levert til laboratoriet. (Kjede: Kommentarene til forureiningsforskrifta kap. 14)</p>

Akkreditering	Akkreditering er ei offisiell godkjenning av ein organisasjons kompetanse og evne til å utføra bestemte oppgåver i samsvar med bestemte krav. I Norge er det Norsk Akkreditering som gjev akkreditering. (Kjelde: Kommentrane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Substitusjon/ substitusjonsplikt	Substitusjon betyr erstatning. Substitusjonsplikta inneber at kvar enkelt verksemd må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Alle verksemder som yrkesmessig brukar produkt som inneheld helse- og miljøskadelege kjemikaliar, skal vurdere substitusjon.